



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 29.09.2020

Vår ref.: 202009773-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 19.08.2020

Dykkar ref.: 19/00591-6

Sakshandsamar:

Ole-Jakob Sande

NVE fremjar motsegn til 2. gangs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2020-2032 for Smøla kommune

Vi viser til brev frå Smøla kommune datert 19.08.2019. Saka gjeld 2. gangs offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Smøla.

Om NVE sine oppgåver og sektorinteresser

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Innanfor NVE sine ansvarsområde skal vi og rettleie kommunane om tilpassing til eit endra klima.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er:

- **Manglande krav til byggegrense langs vassdrag med omsyn til fare for flaum og erosjon.**
- **Manglande regulering av omsynssone for energianlegg som er bandlagt etter anna lovverk.**

Dersom Smøla kommune rettar opp planen slik vi ber om nedanfor fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i [NVE rettleiar 2/2017](#).

NVE er ikkje varsle om planarbeidet og har ikkje hatt første gangs framlegg til høyring. Vi har difor ikkje hatt høve til å gi kommunen råd i planprosessen. I saksdokumenta ser vi at kommunen har fått tilbakemelding frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal på delar av NVE sine saksområde.

NVE sine merknader til planen

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthuns gate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen, 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Naturfare

Smøla har generelt lite naturfare knytt til NVE sine saksområde. I risiko- og sårbaranalysen (ROS) er det gjort vurderingar av fare knytt til flaum og overvatn, samt skredhendingar som konsekvens av ustabile grunnforhold (kvikkleire).

I høve til flaum og overvatn er det gjort vurderingar i samsvar med NVE sine rettleiarar, og kome fram til at det bør vere ei byggegrense på 30 m langs elvar og bekkar. I framlegg til føresegner er byggegrensa formulert som ei retningslinje i § 1.7.

NVE har ikkje merknader til vurderingane som kommunen har gjort for fastsetjing av byggegrense, men meiner at grensa må formulerast som ei føresegn (krav) og ikkje ei retningslinje. For eventuelle avvika frå føresegna må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot flaum i samsvar med tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. **NVE har motsegn til planframlegget inntil byggegrense langs vassdrag vert formulert som ei føresegn (krav).**

I ROS-analysen er det vurdert liten risiko knytt til fare for områdeskred av kvikkleire. Det er gjennomført detaljert kartlegging av lausmassane i kommunen, jf. NGU sine lausmassekart, og kartlagt nokre område med marine avsetningar i sør. I desse områda er det også ein del utbyggingsområde i plankartet. Vi viser til NVE rettleiar [7/2014 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) og rår til at planen set generelle krav om vurdering av fare for områdeskred av kvikkleire i område der det er kartlagt marine avsetningar. Alternativt kan desse område regulerast med omsynssone *Skredfare H310* ned tilhøyrande føresegner som set tilsvarande krav.

I planen er det gitt opning for område som kan byggast ut med heimel i kommuneplanen sin arealDEL, jf. LNFR-område for spreidd utbygging i føresegne § 2.4.2. NVE gjer merksam på Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt rundskriv [H-5/18](#) om samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming. I rundskrivet er krav til nivå på kartlegging av fare i kommuneplanen sin arealDEL omtala på s. 10; «*Dersom tiltak skal kunne realiseres direkte med hjemmel i kommuneplanens arealDEL må kommunen ha sikret at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er ivaretatt gjennom kommuneplanprosessen. Dette gjelder for eksempel i LNFR-områder hvor det tillates spredt bebyggelse uten krav om reguleringsplan*».

Dersom områda som er sett av til spreidd utbygging ligg innanfor aktsemeldsområde for naturfare, meiner NVE at kommunen opnar for utbygging utan at reell fare er avklara på siste plannivå, og vi meiner at unntak frå krav om regulering for område med potensiell fare ikkje er i samsvar med føringane i rundskrivet. NVE rår kommunen til å vurdere endring i desse føresegne slik at planen oppfyller vilkåra som er sett i KMD sitt rundskriv H-5/18.

Vassdragsmiljø

Arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* er nytta i plankartet med fleire underføremål, men vi kan ikkje sjå at områda knytt til vassdrag har fått tilhøyrande føresegner. NVE rår til at alle vassdraga som er vist med flate i kartgrunnlaget vert synleggjort med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med tilhøyrande føresegner.

I følgje vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for



plantar og dyr. NVE rår kommunen til å setje krav i føresegne til arealdelen som skal sikre kantvegetasjon langs vassdraga.

Fuglevågvassdraget er verna mot kraftutbygging gjennom verneplan for vassdrag. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeid knytt til verna vassdrag, og gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggast opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget.

I planen sin tekst del skal det gå fram korleis dei rikspolitiske retningslinene er følgd opp i planen. Det kan gjerast med omsynssone i plankartet og tilhøyrande føresegner, eller føresegner som viser til vassdraget sin status.

Vi registrer positivt at kommunen har føreslege at området skal regulerast som bandlegging etter vassdragsvern med heimel i pbl § 11-8 d. I framlegg til tilhøyrande føresegn § 3.11 er det vist til Forskrift om fiske etter anadrome laksefisk, fredning ved utløp av vassdrag, i sund og straumar for Møre og Romsdal. NVE meiner føresegna ikkje er fullstendig, og rår til at føresegna set krav om vurdering av tiltak i høve til *Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag*.

Vassdrags- og energianlegg

I plankartet er høgspentleidninga vist med omsynssone *Fare – høgspenning H370*. 132 kV leidningane Fuglevågen M27 – Rangnes M71 og Smøla M1 – Fuglevågen M13 er ein del av sentral- og regionalnettlanlegget og må regulerast med omsynssone som *Bandlegging etter anna lovverk H740* med heimel i pbl § 11-8 d. **NVE har motsegn til planframlegget inntil kraftleidningane som er ein del av sentral- og regionalnettlanlegget er regulert med omsynssone Bandlegging etter anna lovverk H740.**

Områda for vindkraftverk er vist med industriføremål i arealdelen, med godkjente reguleringsplanar. For det austlege området er det gitt avslag på søknad om konsesjon, men vi kan ikkje sjå at framlegg til arealdel omtalar det forholdet. NVE meiner at planframlegget bør gjere betre greie for om kommunen ynskjer å sette av området til industriføremål og vindkraft trass i avslag på søknad om konsesjon.

I plankartet ser det ut til av vestleg område for vindkraft (Smøla2?) har ei omsynssone, utan at det kjem klart fram kva type omsyn det gjeld. NVE rår til at anlegg for produksjon av energi vert regulert med arealføremålet Bebyggelse og anlegg for både område for vindkraftverk og vasskraftverk. Eventuelle reguleringsmagasin bør regulerast med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:



Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Smøla kommune